

14.04.2015

Søndag 12.april stilte Hallstein opp med blå Nettbuss og opna dørene for oss knapt tretti som hadde valt å bli med - om ikkje nett på blåtur, så i alle fall ut i det blågrå!
Klar for avreise klokka 10 blank.



Første etappe over Strandafjellet og sørover i retning Hellesylt. Første stopp ved den splitter nye utsikt-plassen ved Ljøen. Utsyn nordover Sunnylvsfjorden mot Oaldsbygda (Så vidt synleg på biletet) og mot aust innover Geirangerfjorden.



Kompetanse og dugleik på alle nivå er nødvendig ved planlegging og bygging av slike konstruksjonar som skal kunne tole det meste av trafikk, ver og årstider... i tiår etter tiår.



Under vegbrua fann vi denne målaren som skal vise korleis bl.a. temperaturen påverkar dei solide konstruksjonane.



Turen gjekk vidare: Etter nokre minutt i Hornindal kommune, Sogn og Fjordane, svinga vi inn på den nesten tre år gamle Kvivsvegen, det nye sambandet mellom Møre og Fjordane. Årsdøgntrafikken ligg på rundt 1600 bilar, og frå Nordfjordsida startar prosjektet med ei vegbru og sjølvve Kvivstunnelen på 6,5 km.



Midt inne i tunnelen passerte vi nok ein gong fylkesgrensa!



Tre tunneler seinare, i Austefjorden, er vi komne til "Paddeland".



VELKOMMEN

 **Du står no ved Lisjevatnet i Austefjorden i Volda Kommune. Her lever ein av Europas største paddebestandar.**

Paddene kan bruke opptil 30 minutt på å krysse vegen, og då arbeidet med å byggje Kvisvegen starta måtte ein finne ei løysning slik at dei kunne vandre trygt. For å sikre framtida for den unike bestanden, laga Vegvesenet eit anlegg med amfibietunnelar og leidegjerde. Dette anlegget er eit av dei mest omfattande som ein har kjennskap til på verdsbasis. Anlegget har som mål at paddene skal kunne vandre trygt fram og tilbake mellom leveområdet og leikeområdet. For å finne ut om dette lukkast, må utviklinga i bestanden følgjast opp vidare over ei lenger tidsperiode.

 **Y**
Lisje
mun
of E

Toa
the
the
ro
tu
fa
b
a
a



Ranveig og Ingjerd er klar for neste etappe med bussen!



Klipp frå Sunnmørsposten 15.april er for så vidt relevant for saka. Du kan lese meldinga i større format om du klikkar inni biletet.



PADDER: Are Pilskog sin film Kunsten å legge seg paddeflat er blant filmene som blir å sjå under Dokfilm 15 i Volda.

Sunnmørsposten 13. april 2015

Padder og psykiske lidelser under Dokfilm 15

VOLDA

Den årlege Dokfilm-festivalen i Volda sparkast i gong 22. april

– Også i år har me fleire filmar og arrangement med lokal forankring, fortel infoansvarleg Malin Lystad.

På programmet er mellom anna Are Pilskogs film, Kunsten å leggje seg paddeflat. Filmen handlar om to eldsjeler som bestemmer seg for å kjempe paddene si sak når Vegvesenet startar bygginga av ny veg,

vegen som me lokalt kjenner som Kvisvegen.

Psykiske lidningar har vorte meir ope og akseptert å snakke om i dagens samfunn.

– Under årets Dokfilm handlar heile seks filmar om psykiske lidningar. Difor har me valt å ha psykiske lidningar som tema på eit av seminara våre, fortel Lystad, som også lovar folkefest for born og vaksne under festivalen.




ARNE PER ANDERSEN
arne.per.andersen@smp.no



For utsynet si skuld legg vi inn eit arkivbilete som viser den storslegne naturen mellom fjell og fjord langs Austefjorden. Her nær Hjartåbygda, og vi nærmar oss Volda. Av og til ljoma allsongen til tekstar av Ivar Aasen i bussen, og etter som vi nærma oss hovudmålet for turen, Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda, Ørsta, måtte vi berre syngje "Gamle grendi"... Tidt eg minnest ein gammal gard.



Slik ser songen under ut med Ivar si eiga, sirlege handskrift frå 1800-talet. Du vil sjå skrifta betre om du klikkar inni biletet.



Etter ein del bussstyrings-akrobatikk kunne Hallstein parkere ved inngangsdøra til bygningen og Aslaug Marit Øyehaug ønska oss velkomne til gards. (To bilete)





Ingen treng å vere i tvil om hovudpersonen: Ikkje berre skrifta på veggen, men sjølvaste *signaturen*!



Den store bautasteinen i tunet ber påskrifta:
IVAR AASEN 1813 - 1896
FRAM DAA FRENDAR I FREDELEGE KAPPSTRID
RÖYST AV NORIGS UNGDOM 1898



Sjølv Ivar Aasen laut ha mat, endå om det mang ein gong kunne vere knapt!
Vi vart oppvarta på beste vis i butikken/ kaféen.



Jon og Arvid (og undertekna!) tykte maten smaka storveges.



Sjølvaste president Jarle konsumerte kaffi frå ein ekte Ivar Aasen-kopp!



Etter matpausen fekk vi sjå ein film på 20 minutt om hovudpersonen sjølv. Kommentrane var ved Oddgeir Bruaset. Litt morosamt var det at den vaksne Ivar Aasen vart spela av Oddvar Tynes. Roar Skoglund dukka også opp i filmen. Så var det tid for orientering og informasjon utandørs, og vi samlast under taket på amfiplassen. Aslaug Øyehaug informerte frå ein krakk... nesten som Harald Grytten.




Her syner Marit oss biletet frå avdukinga av bautaen i 1898.
Under: Millom bakkar og berg utmed havet heve nordmannen fenge sin heim... Songen let mektig frå Rotary-koret! Den vesle bjørka i framgrunnen vart planta av Kronprins Haakon Magnus etter at den store gamlebjørka i tunet vart så hardt både kvista og kvesta under orkanen (1990?) at ho ikkje kunne reddast. Vi lyt håpe på eit langt liv for den nye! Stabburet i bakgrunnen er einaste huset som står att frå tida då Ivar budde på garden.



Så er vi komne inn i senteret att, med utstilling av interessante gjenstandar... Her ser vi diktsamlinga *Symra* frå 1863. Tvo Tylfter med nye Visor. Her finn vi m.a. Millom bakkar og berg.

Under: Oljemåleri av Lars Osa.



Om pipa til Ivar kan seiast å vere interessant? Mest truleg, men særleg meir helsesam enn for oss andre kan ho vel ikkje seiast å vere. Ivar sa visstnok ikkje nei takk verken til tobakk eller alkohol.



Noreg er eit oppdelt land mellom fjordar og fjell. Det viser seg att - også i dei talrike dialektane. Sjå berre korleis **eg** kan uttalast. Ikkje greitt å vere innflyttar til Noreg, nei!
Under: "Dagens sitat" er ikkje etter Ivar Aasen, men eg tek det med likevel:

DAGENS SITAT

Det er sosialt akseptert i store delar av befolkninga å slengja drit om nynorsk. Det har det alltid vore, og kanskje har det vore endå verre før, men dette er under alle omstende ei viktig forklaring på at norske ungdommar kjem med så mange mishagsytringar om nynorsk. Dersom det ikkje hadde vore sosialt akseptert blant vaksne, hadde vi sett mindre av det.

Språkforskar Øystein A. Vangsnes, Forskning.no, 8. august 2014



Ivar Aasen-tunet

12/04/2015

SAMSUNG

Utsyn mot verda, så og seie: Arkitekt Sverre Fehn har teikna bygget som ei vandring frå det heimlege tunet og ut i den store verda. Her ser vi den lange "vegen" og vidare ut døra i enden med utsyn mot fjorden.



12/04/2015



Attende, med retning mot Ørsta sentrum.
Under: Arkitekten si skisse frå august 1999:



Så lyt denne skissa vere siste biletet frå Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda, Ørsta. Turen har vore både triveleg, lærerik og minnerik. Så lyt dei få som det ikkje høvde for denne gongen trøyste seg med bileta på denne sida, og vi andre kan repetere og mimre litt i ny og ne. Vi set vidare kursen mot Sæbø... gjennom Åmdalen - heimlandet til Vassendgutane. Ferja Dalsfjord kopla seg til lemnen, og vi kunne køyre om bord og nyte orda til billettøren: "Det var nesten så vi kjippte oss,- vi ha' kje sett ein buss på eit halvt år!" Nei, visst var vi litt utanom høgsesongen, men kjekt var det likevel! Stor takk til sjåfør Hallstein som har organisert og gjennomført turen på beste vis!



Det aller siste biletet kan vi tolke slik at Knut Jarle spanderer ein flott bukett påskeliljer på Hallstein som takk for innsatsen. (Sjølvpukk :-))
Takk for laget!



Tekst og bilete: Olav P